



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

Dykkar referanse:
/

Vår referanse:
0206/235-08 VH

Dato:
26. august 2008

**”Forenklet, samordnet og uavhengig - om behov for endringer i
tilskuddsforvaltningen for kunst- og kulturfeltet”
Høringsfråsegn frå LNK om Løkenutvalets rapport**

Det er kanskje ikkje utan vidare sjølv sagt at ein organisasjon som Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) gjev uttale til ein rapport om organisering og finansiering av kunst og kultur. Det er då heller ikkje detaljane i meldinga me er opptekne av, men meir dei konsekvensane endringsforslag i meldinga kan få for dei kunstnarane som vel å busetje seg utanfor Oslo – og dermed for mangfaldet og livskvaliteten i medlemskommunane våre.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av 118 kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak, som har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Vi arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur, og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk. LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

Utgangspunktet vårt er såleis at det må leggjast til rette for at distrikta skal kunne få ta del i det nasjonale kulturlivet, og ein samstundes må sikre mangfaldet i kulturlivet i dei ein skilde kommunane.

Det er difor viktig at profesjonelle kunstnarar ser seg råd til å busetje seg i kommunar utanfor dei store byane. Og det er viktig at tilskotsordningar vert utforma slik at distrikta vert sikra vitjing av kunst og kultur av høg kvalitet; utstillingar, forfattarvitjingar, og utøvande kunstnarar innanfor musikk og scenekunst.

Det finst ingen fasit for kva som er god og dårleg kunst. Dette kan ein sjå i den daglege samfunnsdebatten, og ikkje minst når historia etter ei tid feller dommen over det som har vore. Slik må det sjølvstakt vere. Den sikraste medisinen mot einsretting, er å syte for mangfald og breidde hjå dei utøvande kunstnarane. For å få det til, må det vere mangfald og breidde hjå dei som skal fordele offentlege tilskot.

Løken-utvalet legg i nokon grad opp til å samle meir makt på færre hender. Ut frå det som er nemnt ovanfor, ottast vi at det vil føre med seg ei sterkare einsretting av tildelingane. Når ein til dømes vil redusere talet på medlemmer i Kulturrådet, og dessutan la departementet oppnemne alle, kan resultatet fort føre til mindre breidde i diskusjonane, og med det mindre mangfald i vurderingane.

Det kunne ha vore grunn til å rasjonalisere byråkrati og administrasjon, dersom det var slik at ein då fekk frigjort monaleg meir midlar til kunsten og til kulturlivet. Men utvalet seier sjølv at det norske kulturbyråkratiet er så lite og effektivt at det ikkje er pengar å hente på dette området. Det ser altså ut til at ein taper mangfald – utan å få noko att.

Det norske kulturlivet er allereie i dag sterkt sentralisert. Det aller meste av store og tunge institusjonar og organisasjonar ligg i Oslo, dei fleste medlemene i råd, utval og stipendkomitéar og dei fleste kunstnarane, er busette i Oslo-området. Dei ferdast i dei same miljøa, snakkar med dei same personane og opplever mykje det same. Det kan vere freistande å hevde at Løken-utvalet si innstilling òg ber litt preg av dette.

I ein liten kulturkrins som den norske må det truleg vere slik. Men då vert det endå viktigare å sjå til at ein byggjer strukturar som motverkar denne sentraliseringa av makt og tenking. Det vil faktisk på sikt også hovudstadskulturen vere best tent med.

Vi håpar dette innspelet kan vere til nytte for departementet i det vidare arbeidet med saka.

Med vennleg helsing
LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR (LNK)

Vidar Høviskeland
dagleg leiar